

Skriben 29/5 - 1964

## Amund Lygre

TIL MINNE

So fekk Du kvilla i frå onn og yrke,  
Du trugne slæpar på ein brattlendt gard.  
Gud gav Deg mange år, og mykje styrke  
For vestlandsk bonde-slit Duvart kje spard:  
Fekk adelsmerke etter harde stræve. —  
Og krøkte fingrar på din arbeidsneve.

Men garden og, ber merke av bardagen,  
med mange ær av hakka, spa og plog  
på eng og åker, og i beite-hagen;  
der stein Du rydja vekk og felle skog,  
so dei kan trivast, og på garden une,  
dei som kjem etter Deg på heimetune.

Men Du var og ein sjæle-vaken bonde,  
med Andens klårsyn for din frelses-barv.  
Du stridde mot dei fiendsmakter, vonde,  
som vil til livs vår kristne fedrearv.  
Din bibel og di bøn vart våpenstålet  
Du vann Deg gjennom med, på veg til målet.

Ditt liv var mørkt av dygd og gode seder:  
Personleg kristendom i gjerdog ord.  
No gjekk Du frelst og sæl til dine feder,  
og fekk di grav i innvigd kristen-jord,  
der støvet stoggar frå all strid i verdi  
til Jesus vekkjer det for Himmelferd.

Johs. M. L. Rydland.